



Jørn Øyrehagen Sunde fortalte levande og tilførte ny kunnskap om den legendariske Kristoffer Rustung.

Kristoffer Rustung var ingen sjørøver. Han var ein krigar på erkebiskop Olav Engelbretson si side i den store striden i refomasjonstida mellom katolikkar og protestantar. Det var noko av det professor Jørn Øyrehagen Sunde la vekt på i sitt føredrag på Skuteseminaret i Rosendal i helga. Skuteseminaret med tre føredrag vart gjennomført i to parallelle økter. Amfiet i Folgefonnsenteret var fullsett og mange fekk ikkje billetter og måtte gjera vondereis.

Forskning til no om Kristoffer Trondsen Rustung byggjer på utgreiingane frå historikarane Koht og Daae. Øyrehagen Sunde syner til at noko av det som har vore kjend før, er unyansert og i nokre høve feil. Den store striden på 1500 talet i refomasjonstida var ein maktkamp om ressursane, og ikkje minst råderett over all handel nord for Trondheim, særleg med tanke på dei store fiskeressursane i Lofoten og Vesterålen.

Kristoffer Rustung, fødd på Seim i Kvinnherad kring 1490, støtta den katolske fløyen. Han var gåverik og fekk utdanning på universitetet i Rostock. Han var sjømann, vart flåtesjef og til slutt admiral. Han dreiv med kapring som var ei lovleg handling på denne tida. Han høyrde til lågadelen og var ein viktig del av handelsaristokratiet i Sunnhordland med mange handlande bønder.

Ofte vert Kristoffer Rustung framstilt som ein eventyrar som røva kor han kom. Det er langt på veg feil. Rustung eller Trondsen, som var det etternamnet han brukte sjølv, var ein viktig strateg i kampen om makta ved innføring av refomasjonen.

På sine reiser var han ofte innom heimplassen på Seim. Kona Karen Skanke var dotter til domprosten i Trondheim. Dei fekk ein son og 7 døtrer. Sonen vart avretta i 1571. Ei av døtrene er Anna, som også vart kalla Skottefrua. Kristoffer Rustung døydde på Seim 65 år gamal og er gravlagd i Kvinnherad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



To fullsette amfi i Folgefonnssenteret fekk med seg tre føredrag i to økter på Skuteseminaret.